

NVE Konesjonsavdelingen
Postbok 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.: NVE 201606613
Sakshandsamar NVE: Gry Berg

Planendringssøknad for Alsaker Fjordbruk - Uttak av vann til produksjon settefisk Søknad om endring av vassveg i nedre del og utforming av dam ved vassinntaket ved kote 14 i Tysnes kommune, Vestland fylke.

Vi viser til løyve frå NVE vedtatt 28.05.2018 – ref. 201606613-30 Arkiv 313/ 054, med forlenget frist vedtatt 28.05.2021 – ref. 202106635-3 Arkiv 313. Løyve gir Alsaker Fjordbruk AS tillatelse til å regulere Onarheimsvatnet og ta ut vann fra Onarheimselva i Tysnes kommune. Det tas i dag ut noe vann til eksisterende rognkjeksproduksjon, men det planlegges å etablere et nytt anlegg til produksjon av settefisk og postsmolt. Vestland fylkeskommune gav 26.09.2019 akvakulturløyve (H-T-29, lokalitet 39 977 Onarheim II).

NVE ved Kari Tønset Guttvik, har hatt ein gjennomgang av innsendt detaljplan for miljø og landskap. I tilbakemelding på planen, skriv de i e-post datert 05.09.2023, at de mener at endringene fra konsesjonssøknaden til ferdig prosjektert ny dam er så vidt store, at det er ønske om at det vert sendt inn egen planendringssøknad for tiltaket. NVE mener at høringspartene bør kjenne til endring av planene og få mulighet til å uttale seg. Videre arbeid med detaljplanen blir satt på vent, inntil planendringssøknaden er blitt godkjent. Det vert presisert at ein ikkje endrar på rammene av godkjent vassuttak eller reguleringshøgde, men at endringene knyter seg til oppgradering av inntaksdam og ny vassveg til godkjent lokalitet (39 977 Onarheim II).

Tabell 1 og **tabell 2** under gir oversikt over endringene og årsakene, satt opp mot vilkår i konsesjon. Øvrige føringer er i hehold til konsesjonssøknaden /1/. Under tabell 2 er det gjort rede for konsekvensene av endringene for miljø, naturressurser og samfunn.

Tabell 1: Grunnlagsdata for anlegget.

Tema	Løyve frå NVE vedtatt 28.05.2018*	Endringar
Inntak	Eksisterande inntak på kote 14 skal nyttast. Teknisk løysing for dokumentasjon av slipp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.	Endring 1: Ny inntaksdam utvidast til å gå med overløp på kote 18. Klassifiseringsvedtaket 04.08.2022 er gjort på bakgrunn av ein 4 meter høgare dam enn den eksisterande dammen. Eksisterande dam ligg på kote 14. Sjå ref. /2/.

Tema	Løype frå NVE vedtatt 28.05.2018*	Endringar
Vassveg	<p>Eksisterande vassledning skal nyttast frå inntaket på kote 14 og ned til dagens anlegg.</p> <p>Plassering av vassveg frå eksisterande anlegg og over til nytt anlegg må avklarast og godkjennast av NVE i forbindelse med detaljplan eller planendringssøknad til konsesjon. Ny vassledning skal ikkje leggjast i områder med viktig naturmangfald eller andre allmenne interesser.</p>	<p>Endring 2:</p> <p>Det skal leggjast to nye Ø500 røyr frå ny inntaksdam fram til postsmoltanlegget. Dammen har to likeverdige inntak, som vert samla i ei felles grøft på sørvestlege side av Onarheimselva, like nedstraums inntaket.</p> <p>Planlagt røyrtrase vert kopla på allereie lagt røyrtrase (Ø500 mm) lagt mot postsmoltanlegget, sjå teikning 105.</p> <p>For plassering og løype for nytt postsmoltanlegg, sjå vedlegg 3.</p>
Vegar/transportanlegg	<p>Søknaden oppgjer ikkje behov for å etablere nye vegar.</p> <p>Ved behov for arbeid ved inntaket på kote 14 for å leggje til rette for slipp av minstevassføring, må dette skildrast og avklarast i detaljplanar. Det må også avklarast med fylkeskommunen i forhold til kulturminna i området.</p>	<p>Endring 3:</p> <p>Det etablerast midlertidig anleggsveg i forbindelse med utbygginga. Midlertidig veg legges i traseen til en eksisterende traktorveg. Vegen vert tilbakeført til køyresterk terreng etter utbygging. Sjå teikning 105.</p>

*Den 28.05.2021 er det gitt forlenging av frist av vassdragskonsesjon. Sjå ref. /3/.

Tabell 2: Årsak til endringar i høve konsesjon og konsesjonssøknad

Endring	Årsak til endring
Endring 1: Inntak	<p>Formålet med vassuttaket er å etablere ei sikker vasstilførsel i forbindelse med utviding av smoltproduksjon og bygging av resirkuleringsanlegg. Sikker vasstilførsel krev eit visst volum i inntaksdammen og to likeverdige vassuttak i tilfelle driftsstans eller vedlikehald. I tillegg er det i konsesjonsvilkåra krav om måling av uttak av produksjonsvatn og minstevassføring.</p> <p>Det finnes ein naturleg terskel i terrenget på kote 18, ved å demme opp vatnet til denne koten vil ein få eit reguleringsareal på ca. 570m². Eksisterande dam som ligg på kote 14, og gjev idag eit oppdemt areal på ca 200m² Det er ikkje planlagt regulering, men eit fast vasspegel på kote 18 tilpassa driftsbehova i nytt anlegg.</p>

Endring	Årsak til endring
	<p><u>To likeverdige vassuttak frå same inntaksdam:</u> Fiskeanlegget kan ikkje ha stopp i tilførsel av driftsvatn. For å sikre vasstilførsel må det eine vassuttaket kunne fungere som eit reserveuttak som kan nyttast ved rehabilitering/vedlikehald eller feil ved hovuduttaket.</p> <p><u>Konsesjonsvilkår:</u> For å tilfredsstilla konsesjonsvilkåra med kontinuerleg måling av uttak av produksjonsvatn og slipp av minstevassføring, må det byggast tørrkammer i forbindelse med inntaksdammen. Det er også krav om å sikre vassinntaket med ålegitter og ei sikker opp- og nedvandring av ål. Desse vilkåra fører til konstruksjonar som ikkje er mogleg å få plass til innanfor rammene av den eksisterande dammen. Sjå Ref. /1/</p>
Endring 2: Vassveg	Endring av ny vassveg er ein konsekvens av at eit nytt postsmoltanlegg, i tråd med reguleringsplan og akvakulturløype, er flytta frå det eksisterande anlegget som mottok driftsvatnet, til eit nytt mottak lenger sørvest (lokalitet Onarheim II). Sjå teikning 105 for planlagt og eksisterande vassveg.
Endring 3: Vegar/Transportanlegg	Det er behov for ein midlertidig anleggsveg for transport av materiell og utstyr når ny inntaksdam vert etablert. Midlertidig veg vert bygd i traseen til ein eksisterande traktorveg. Anleggsvegen vert tilbakeført til køyresterkt terreng etter anleggsperioden og revegetert med stadlege massar, som er halde adskilt under byggeperioden. Vegen skal nyttast for tilkomst og vedlikehald til inntak i ettertid.

Virkning for miljø, naturressurser og samfunn

I det følgjende beskrives hvilke konsekvenser for miljø, naturressurser og samfunn endringene forårsaker, ut over hva som er klarlagt i konsesjonsgitt løysning.

Naturfare

Det er gjort berekningar av brotvassføringa, kapasitet under nedstrøms bru og skildring av brotkonsekvensar i forbindelse klassifisering av ny inntaksdam. Det er da tatt utgangspunkt i en betraktelig større dam enn den omsøkte. Utrekningane viser at brua nedstrøms har kapasitet til å ta unna brotvassføringa og dammen er av NVE plassert i konsekvensklasse 0 av NVE, sjå ref. /2/.

NVE sine «kart for aktsomhetsområder» syner at inntaksdammen ligg innafør utsett sone for flaum, jord-, flaum- og snøskred.

Sjølve dammen med flaumvern er dimensjonert for 200 års flaum med 40 % klimapåslag, og dette er lagt til grunn for lengde på overløp og høgde på flaumvernet.

Då uttaket av vatn er lite samanlikna med flaumvassføringa, og vassdraget har tidlegare vore regulert over lengre tid, vurderer vi at det omsøkte tiltaket vil ha liten påverknad på flaum, ras og skred i og ved vassdraget.

Akvatisk miljø

Den nye dammen vil være eit vandringshinder for ål, som det i konsesjonen vart krevd avbøtande tiltak for. Tiltaka for opp og nedvandring av ål er gjort i samarbeid med fiskebiolog og det er av fiskebiolog utarbeida ein rapport, sjå **vedlegg 5**. Tiltaka er skildra i det vidare og vist på teikning **120-122**.

Ved ny inntaksdam skjer nedvandringa av ål i hovudsak over overløpet. Utforminga av sjølve overløpet er bygd med ei helling, slik at ved overløp går det meste av vatnet ut over reserveuttaket (østre side), deretter over hovuduttaket (vestre side) og så over midtstøtta. Ålen kan då krype over overløpet, i det området der vatnet er innafor tilrådd hastigheit. Heile dammen er plastra på nedstrøms side, slik at ikkje ålen fell ned over ein større høgd enn 1 meter.

Vassuttaka vert regulert av ein neddykka luke, der underkant luke ligg på kote +17.5m. Vatnet blir frå luka slusa gjennom ein finvarerist med ein lysopning på 9mm, for å sikre at ål ikkje kjem inn i inntaket. I enden av finrista blir det montert ei renne. Minstevassføringa sleppes gjennom denne renna, slik at ål som kommer over risten og slippes ilag med minstevassføringa. Ved hovuduttaket av vatn vert minstevatnet ført opp igjen i røyr over til østsida av inntak. Røyrret blir ikkje synleg og er beskytta i nedstrøms plastring. Minstevassføringa blir slept ut i dagens hovudvassveg, i nærheita av området for oppvandring av ål. Dersom det er lite vatn i elva, er det berre vatn i hovudelven, slik det er i dag.

Reserveuttaket fungerer på same måte som hovuduttaket, men med unntak av at her føres minstevassføringa direkte frå renna og ut i plastringa.

Krav til avbøtande tiltaka for anadrom fisk er dei same uavhengig av endringa av vassveg og endringa av utforming av dammen. Dei avbøtande tiltaka i konsesjon er skildra i detaljplanen og i rapport frå fiskebiolog.

Landskap

Det finnes i dag ein naturleg terskel oppstrøms eksisterande dam på kote 18. Dette vil gi eit regulert areal på ca. 570 m² mot dagens oppdemde areal på ca 200m². Utbredelsen av inntaksvolumet er vist på situasjonsplanen teikning nr. **100**. Inntaksdammen vil ha fast vasspegel på kote 18. Hovuddata for inntaket er vist på teikning **120-122**. Dammen er synleg frå veggen og frå kyrkja på lik linje som den eksisterande dammen. Den nye dammen byggjer høgare i terrenget og den vert plastra på nedstrøms side, noko som vil gjere at den går meir i eitt med landskapet rundt og framstår som meir «nedtona og dempa». Flaumvegg, tørr- og våtkammer tilpassast terrenget, og vil i stor grad bli nedgravde. Gangbrua over til midten av dammen vil bli lagt så lågt som mogleg ned i terrenget. Sjå vedlagte illustrasjonsbilete (**vedlegg 1**).

Det er planlagt å legge Ø500 PE-røyr nedgravd i grøft på heile strekningen. Vassvegen ned til parkeringsplassen er vist på situasjonsplan teikning nr. **100** og vertikalprofil er vist på teikning **110** og **111**. Vidare trasè er vist på teikning **105** og plassering og løyve for nytt postsmoltanlegg finnes i Vedlegg **3**. Noverande vassveg går frå inntak og ned til det tidlegare postsmoltanlegget på motsatt side (austsida) av elven. For inntak til gnr/bnr 152/99 tilhøyrande Alsaker Fjordbruk vert øvre del

fjerna og det etablerast eit nytt påkoblingspunkt etter vassmålaren i reserveinntaket. Dette røyret kryssar elven nedstrøms dam og vassvegen erosjonssikrast her etter teikning **116**. Etter elvekryssinga leggjast røyrene i ein felles grøft ned til eksisterande parkeringsplass ved fylkesveg 5076 og vidare til nytt postsmoltanlegg. Trasè for røyrgata frå inntak til parkeringsplass er ca. 142 m. Dei nedgravne trykkrøyra vil bli omfylt med massar etter teikning **115**. Masseoverskot vil bli brukt til utjamning mot eksisterande terreng.

For strekninga mellom eksisterende parkeringsplass og nytt postsmoltanlegg vert det søkt om byggeløyve frå kommune. For kryssing av veg er dette gitt løyve frå vegmyndigheitande, sjå vedlegg **7**).

Det vert planlagt å etablere ein 95 meter lang driftsveg til inntaksdammen. Denne vegen er ein forlenging av ein eksisterande blindveg som går ut frå Fjellvegen (Fv 5078), sjå ref. **/4/**. Den midlertidige vegen vert bygd på same stad som ein eksisterande traktorveg. Den midlertidige vegen er vist på arealbruksplanen, teikning nr. **105**. Vegen skal revegeterast som køyresterkt terreng etter anleggsfasen.

Kulturminner og kulturmiljø

Kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune ved Heidi Handeland gjennomførte ei synfaring i området den 23.06.2023. Formålet med dette var ei ledd i å oppfylle undersøkingsplikta til utbyggar. Det vart gjeve innspel i høve anleggsveg og illustrasjonar av inntak/dam.

Det er gjort utgravingar innanfor planområdet, like ved regulert vassinntak. **Vedlegg 6** gir informasjon frå befaring og utgraving, som sannsynleggjer at tilstøytande regulert område er kartlagt. I reguleringsplanen for vassinntaket er det ikkje vist andre område bandlagt for kulturminne. Vestland fylkeskommune vil svare på saka som høyringsinstans.

Jord- og skogressurser

Deler av leigd areal er planta med skog. Dette er bratt terreng som er lite eigna til beite. Disse arealene vil under anleggsperioden være avsperra. Etter anleggsperioden skal areala tilbakeføres i minst tilsvarende stand eller betre.

Brukerinteresser

Alle synlege konstruksjonar er bygget på eigd grunn. Konstruksjonane på leigd grunn, er etter avtale nedgravde og forringar ikkje eigars sitt bruk. Eigaren er informert om forelagt planer og teikningar for utbygging.

Dammen bygges på same stad som eksisterande dam. Denne ligg ca 100 m nordvest frå Onarheim kyrkje og 120 meter frå Fylkesveg 76. Endringa medfører større inngrep i elven og eit auke i vassdekt areal. Utvidinga vil ikkje føre til arealbruk utover område som er regulert til vassuttak. Vedteke reguleringsplan for anlegget er behandla av Tysnes kommune. Sjå teikning **107**.

Dammen vil ikkje gi nokon økt støybelastning for dagens bebyggelse etter ferdigstilling.

Konklusjoner/oppsummering:

- Naturfare: I klassifiseringsvedtaket er det er da tatt utgangspunkt i ein betraktelig større dam enn den omsøkte. Utregningane viser at brua nedstrøms har kapasitet og dammen er plassert i konsekvensklasse 0.
- NVE sine «kart for aktsomhetsområder» syner at inntaksdammen ligg innafør utsett sone for flaum, jord-, flaum- og snøskred. Sjølve dammen med flaumvern er dimensjonert for 200-års flaum med 40 % klimapåslag.
- Akvatisk miljø: Utforminga av inntaket og tiltak for opp og nedvandring av ål, er gjort i samarbeid med fiskebiolog.
- Landskap: Tiltaket krever noe meir areal, men alle synlege konstruksjoner er innanfor regulerte område. Endret trase av vassveg er direkte konsekvens av at nytt postsmoltanlegg er flyttet, og vil ikkje være synleg.
- Kulturminner og kulturmiljø: Kulturavdelingen har utført synfaring, og vil svare på saken som høringsinstans på vanleg måte.
- Jord og skogressurser: Noko utmarksbeite/skog blir avsperre i anleggsperioden men tilbakeført etter ferdigstillelse.
- Brukerinteresser: Det er inngått avtale med berørte grunneigarane som sikrar Alsaker Brygge AS alle nødvendige rettigheitar på eigedommane for å kunne bygge inntaket. Konstruksjoner på leigd område er alle nedgravde og vil ikkje forringe eigars bruk. Utbyggingen vil ikkje føre til arealbruk utover område som er regulert til vassuttak eller i urørt natur.

Ikkje nøl med å ta kontakt om dersom noko er uklart eller de treng ytterlagare informasjon. Me stiller gjerne til eit møte for å diskutere endringane dersom de ynskjer dette.

Med helsing
Bystøl AS

Trine Økland Småbrekke

Tlf: 90 79 54 52
trine@bystol.no

Referansar

- /1/ Bakgrunn for vedtak - [KI-Notat 9/2018](#). Datert 28.05.2018
- /2/ Godkjent klassifisering - Dam Onarheimsvatnet og inntaksdam Onarheimselva Tysnes kommune klassifisering - 2 vedtak. Datert 04.08.2022
- /3/ Konsesjon NVE utsatt frist til å ta i bruk vassdragskonsesjon til uttak av vann til settefiskproduksjon Tysnes kommune Vestlan
- /4/ Tilkomstveg/driftsveg – Inntaksdam Onarheimselvo. NVE ref. 201606613
- /5/ NVE, Slipp, måling og dokumentasjon av minstevassføring - Veileder 3/2020.
- /6/ NVE, Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon. Nr. 3 – 2013
- /7/ NVE, Retningslinjer for betongdammer

Vedlegg

- 1) Oversiktskart
- 2) Illustrasjonsbilete frå tiltaksområdet
- 3) Løyve Onarheim postsmolt
 - Onarheim postsmolt Akvakulturløyve H-T-29
 - Onarheim postsmolt Fylkesmannen 20.05.2019
 - Onarheim postsmolt Mattilsynet 13.09.2019
 - Onarheim postsmolt Tysnes kommune 23.11.2018
- 4) Oversikt over grunneigarar og rettshavarar
- 5) Fiskeundersøkelser og forslag til tiltak i Onarheimselva 2022
- 6) Epost fra seksjon for kultruarv - FeltundersøkelseTilkomstveg-driftsveg-Inntaksdam-Onarheimselvo
- 7) Løyve vegkryssing FV5076
 - Godkjent søknad om graveløyve - Fv 5076 - Flakkavågsvegen 12 - Tysnes kommune
 - Stadfesting - fritak søknadsplikt - SV_ Vegkryssing - Fv5076
 - Asbuilj veikryssing detalj
- 8) Teikningsliste og teikningar

Vår dato: 16.10.2023
Dykkar ref.: NVE 201606613



Tel. 57 69 85 80
E-post: post@bystol.no
www.bystol.no
Org. NR. 928 919 161

Vedlegg 4 Oversikt over grunneigarar og rettshavarar:

Fylgjande personar er rettshavarar til areal som er nødvendig for å bygge Onarheim inntaksdam. Det er inngått avtale med grunneigarane for 153/1 og 153/2 om ein leigeavtale for arealet på vestsida av elven, sjå teikning nr **106**. Denne avtalen sikrar Alsaker Brygge AS alle nødvendige rettigheitar på eigedommane for å kunne bygge inntaket.

Namn	Gnr/bnr
Gerhard Meidell Alsaker	152/4
Gerhard Meidell Alsaker	152/5
Karl Olav Kjærland	153/2
Gerhard Meidell Alsaker	153/1
Alsaker Fjordbruk AS	152/99